



DEN NORSKE KYRKJA
Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
post@sogndal.kyrkja.no

Kyrkjerådet
post.kirkeradet@kirken.no

Sogndal 14.06.2017
Vår sakshandsamar: JMHE
Vår ref.: 17/00018-002
Arkivkode: 012.2

Høyring - Forskrift om DNK medlemsregister

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd var samla til møte 13.06.17 og hadde då mellom anna føre høyringa om forskrifta for Den norske kyrkja sitt medlemsregister.
Dei fatta fylgjande vedtak:


Sak 012/17 Høyring - Forskrift om DNK medlemsregister

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd ser på framlegget til endringar i forskrifta om DNK sitt medlemsregister som nødvendige og viktige. Fellesrådet støttar framlegga til endringar då ein meiner dei tydeleggjer forholdet mellom sentral og lokal behandlingsansvarleg, og oppdaterer forskrifta slik at denne samsvarar betre med dagens praksis.
Kyrkjelydane vil framleis ha behov for å føre dagsregister i ein eller annan form. Fellesrådet vil difor oppmode Kyrkjerådet om å utvikle ein felles modul for denne registreringa. Det trur vi vil lette og betre arbeidet kring dei årlege statistikkane, og også trygge opplysningane i desse statistikkane betre.
Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd støttar med dette dei endringane som er føreslegne for forskrifta for DNK sitt medlemsregister.

Rett utskrift av møtebok: JMHE

Venleg helsing
Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd


Jorunn Merete Haukas-Eide

kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger